



**Kunstnarar:**

Laila Kongevold og Stefan Christiansen:  
*Norske talenter / Apollo 3*  
*Norske talenter / Apopenia*  
Hjerterommet, plan 1.

Geir Yttervik: *Rimfrost*  
Hjerterommet, plan 1.

Jens Hauge: *Utsiktspunkt og gøymestad*  
Ventareal elevtjenester, plan 1.

Line Hvoslef: *Alle fugler*  
Tilpassa opplæring, Plan 1.

Lillian Dahle: *Bumerker*  
Klasserom, plan 1 og 2.

Anne-Gry Løland: *Mylder*  
Vestibyle, plan 0.

Andreas Soma: *Keep your freedom in the corner.*  
*Save it for a rainy day.*  
TIP-haller og byggfagsaler, plan 0.

**Prosjektansvarlig i HFK:** Ingebjørg Engel Astrup,  
Elin Reisæter og Merete Hauge

**Kunstkonsulent:** Hilde Skjeggestad

**Foto:** Øystein Klakegg / HFK.  
Foto *Utsiktspunkt og gøymestad:* Jens Hauge.

Prosjektet er støtta av KORO - Kunst i offentlige rom.

 **VOSS VIDAREGÅANDE SKULE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE


Strandavegen 252,  
5710 Skulestadmo  
Telefon: 57 30 76 00  
E-post: nye.voss.vgs@hfk.no  
www.hordaland.no/nyevossvgs/

September 2016

 **HORDALAND**  
**FYLKESKOMMUNE**

# Kunst til Voss vidaregåande skule





6 kunstnarar har laga 5 verk spesielt til Voss vidaregåande skule; nokre samla og store, andre spreidde i fleire rom. I tillegg er det kjøpt inn eit måleri og ein serie foto. Kunsten plasserer seg frimodig i heilskapen, og fungerer - kan ein håpe - som bevegende og stimulerande innspel i den store organismen skulemiljøet utgjør. Dei 5 spesiellagte verka er på sine vis forankra i handverksfag og tradisjonar, men nyttar dei nytt og fritt, mykje i same ånd som arkitektanes leik med vestlandsarkitekturen. I tillegg til den nye kunsten, har eldre bilde, åklede og anna frå skulane fått nytt liv i dei nye omgjevnadane.

I Hjerterommet finn vi Laila Kongevold og Stefan Christiansens monumentale trearbeid *Norske talenter / Apopenia og Norske talenter / Apollo 3*. Tittelen er henta frå TV-programmet med same navn. *Apopenia* har motiv av planten Akantus; eit gammalt ornament brukt m.a. i rosemåling. Ordet *Apopenia* viser til eit psykologisk fenomen knytt til å sjå noko meningsfullt i noko tilfeldig, som når ein ser eit ansikt i ei sky. Under møteromsboksen heng den rakettmotorliknande skulpturen *Apollo 3*, omkransa av eit ornament som kan minna om røyk og damp. På veggen bortafor heng Geir Ytterviks medrivande måleri *Rimfrost*.

Line Hvoslef sitt interaktive verk *Alle fuglar* har små instrument og lydgjevarar innbygd i måleriflata. Der er og bilde bak glas og ledlys som pulserer langsamt. Når ein tek i bruk lydgjevarane kjem vår, bearbeidd lyd tilbake; mellom anna song av trostefuglar!

Dei 6 fotoa av Jens Hauge er alle frå Voss. I følgje hans subjektive, vitskapelege registreringar er det ingen andre stader der er fleire oppførte leikehytter pr. innbyggjar enn nettopp her!

Lillian Dahle sine *Bumerker* er spreidde i 15 klasserom. Ornamenta er baserte på tradisjonelle mønstre frå karveskurd. Her er mykje mat for auga, om ein har tid og tålmod til la dei leike seg med linjene og fargane. Bumerke var opphavsleg eigarmerke på hus og innbu. Dei skulle og verne mot trolldom.

Anne-Gry Lølands tekstil *Mylder* er montert i glasveggen mellom vestibyle og styrketreningsrom, som ein visuell romdelar. Den er i intense raudfargar og har eit oppløyst preg. På nærare hald ser ein oppsiktsvekkjande presise rokokko-prega detaljar, teikna av hol i teksten. Den særskilde teknikken som er nytta, kallast utbrenning, eller devor.

Andreas Soma sitt kunstprosjekt er spreidd over fleire hallar; digre veggteikningar, teikningar i glas og ramme og eit rutemåleri. Om ikkje hovudaktiviteten i hallane har med fly og helikopter å gjera, har dei eit samband ved tilknyttinga til teknikk og konstruksjon. Bildemotiva kan og gje flukt til tanken. Arbeidet har samletittelen *Keep your freedom in the corner. Save it for a rainy day*, ein tittel kunstnaren har lånt frå den tyske kunstnaren Martin Kippenberger.